

Utkast til mandat for balansegrupper i Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Førde

1. BAKGRUNN

På bakgrunn av utviklinga i dei økonomiske resultatata mot slutten av 2008 har Eigaravdelinga i Helsedepartementet uttrykt stor bekymring for resultatata i 2009. Helse Vest har blitt tilført betydelege ekstra midlar i 2009 og det vil difor dette året vera avgjerande at helseføretaka leverer økonomiske resultat i tråd med krav frå eigar. Med bakgrunn i dette har styret i Helse Vest bedt om at kvart HF oppretter ei eiga balansegruppe.

Balansegruppene skal fungera som ei rådgivingsgruppe for administrerande direktør i HF'a og klinikkane i arbeidet med å halda budsjetta. Rådgivingsgruppa er frikopla frå linjeorganisasjonen.

Administrerande direktør i det einsskilde HF er prosjekteigar for dette prosjektet.

Dette mandatet er eit utkast til mandat for balansegruppe og må bli tilpassa i det enkelte HF for å bli mest mulig relevant for HFet.

2. MÅL

Målet med arbeidet til balansegruppene er å sikre at helseføretaka i 2009 styrer drifta av verksemda innanfor dei budsjetttrammene som er sette og på denne måten oppnå ei drift og styring av ressursane som er berekraftig og framtidsetta.

3. OPPGÅVER OG AVGRENSINGAR

Balansegruppene skal vere med å konkretisere og følgje med på utviklinga av innsparings- og omstillingstiltaka. I tillegg er det viktig at balansegruppene gjev råd om forankring og til kvalitetssikring av om gjennomføring faktisk skjer. Det er og ei viktig oppgåve å bidra til og sjå nye tiltak dersom effekten av tiltaka uteblir eller dersom uføresette situasjonar bidrar til at budsjetttrammene sprekk.

Ei eiga budsjettgruppe skal gjennomgå HF'a sine budsjett og ut frå dette lage eit beslutningsunderlag som skal godkjennast i HF-styra. Balansegruppene skal arbeide med utgangspunkt i dette beslutningsgrunnlaget og særskilt følgje opp forhold som det er fokusert på i beslutningsgrunnlaget (godkjenning av HF styra innan 4. mars).

Som eit hjelpemiddel i oppfølginga skal balansegruppene lage eit sett med indikatorar som understøtter leiinga sitt behov for styringsinformasjon knytt opp mot omstilling og endring.

- Det er viktig at nye indikatorar blir kopla mot balansegruppa sitt beslutningsgrunnlag.
- Nytt indikatorsett må bli sett i samanheng med dei tiltaka som er knytt til oppfølgingsmøta og omstillinga av verksemda.

Eksempel på indikatorar (vil variere frå føretak til føretak):

- Brutto månadsverk utbetalt
- Innleige av personell – kontortenester
- Innleige av personell - medisinsk

- Senger pr. klinikk – synleggjere talet på stengte senger
- Liggetid
- Strykingar frå operasjonsprogrammet
- DRG poeng - akkumulerte tal og tal pr. månad
- Epikriser
- Ventetider
- Utskrivingsklare pasientar

Det er naturleg at fokuset i arbeidet i dei 4 balansegruppene vil variera frå HF til HF. Døme på fokusområde kan vera:

- Pasientflyt
- Intern rekvirering av tenester (internprising)
- Systematisk oppfølging av realiseringsgrad på tiltaka
- Samanheng mellom budsjettansvar og myndigheit i høve til godkjenning av stillingar, bruk av ekstrahjelp m.m.
- Fokus på realisme i prognosar. Bruk av "forsiktighetsprinsippet" undervegs i året i føring av rekneskapen.
- Styring av risiko
- Gjennomgang av kvalitetsstandardar
- Prioritering
- m.m.

Arbeidet i balansegruppene skal gå føre seg gjennom heile budsjettåret og inn i overgangen til nytt budsjettår for å sikre eit kontinuerleg fokus på tiltak. Balansegruppa blir ein viktig aktør i arbeidet med budsjettet for 2010.

Balansegruppene bør vere samansett av slik at både medisinsk fagkompetanse, bemanningskoordinatorer, økonomi- og løn/personal kompetanse bør vere representert. Balansegruppene har ein fristilt rolle i høve til den einskilde klinikk. Økonomi- og finansavdelinga er sekretariat for balansegruppa.

I løpet av dei første månadene av 2009 vil Helse Vest arrangere ei kick-off samling for balansegruppene i Helse Vest. Oppstart av arbeidet i HFa sine balansegrupper bør likevel starta opp så snart administrerande direktør har oppretta gruppa våren 2009.

Det er administrerande direktør si oppgåve å legge til rette for gode arbeidsvilkår og nødvendig legitimitet i arbeidet til balansegruppa. Dette for å sikre eit godt resultat av arbeidet.